

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 2/2004

Møtedato: 9.02.05

Arkiv nr:

Utleige av stølshus

Frå Valdres utmarkskontor har vi fått oversendt orientering om drifta av kontoret og oppmoding om bruk av tenester frå kontoret.

Utmarkskontoret har hatt eit prosjekt som kunne vera av interesse for oss. Det gjeld utleige av stølshus i Ulnes og Svenes sameiger i samarbeid med Valdres hytteutleige. I samband med at vi ynskjer å legge turkartet ut på fjellstyret si heimeside, kunne stølsutleige vera eit prosjekt som kunne koplast opp mot kartet. Kartet er interaktivt og vil kunne få søkeboks m.a. for stølsutleige. Kartet dekkar heile kommunen, ikkje berre statsallmenningen. Prosjektet med stølsutleige bør derfor omfatte heile Vestre Slidre kommune.

Vi kan søke om BU-midlar til dette tiltaket og ein del av eigendelen til fjellstyret vil vera internettkartet. Vi kan bruke utmarkskontoret til å gjennomføre ein prosess etter same oppsettet som er gjort i Ulnes og Svenes.

Vedtak:

Fjellstyret ber Valdres utmarkskontor om å lage enkel prosjektskisse og utforme søknad om BU-midlar for prosjekt om stølsutleige.

Tiltaket skal omfatte heile Vestre Slidre kommune og fjellstyret ber kommunen om å støtte tiltaket.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.2.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Valdres utmarkskontor
Vestre Slidre kommune